



MØTEPROTOKOLL

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Fylkeshuset i Bergen, rom 425
Møtedato	08.05.2017
Kl.	13:00 – 15:00

Faste medlemmer til stades: Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen, Lise-May Sæle

Forfall til møtet: Karoline Bjerkeseth, Frode Bøthun (1. vara)

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett: Fungerande fylkesordfører i Hordaland fylkeskommune: Pål Kårbø, frå kl. 15.00

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune: Inge Reidar Kallevåg, Kristian Helland, Leidulv Brunborg

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fk: Hogne Haktorson, Roald Breistein

Sekretariat for møtet: Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte

Det var innkalla til arbeidsmøte mellom kontrollutvala i dei to fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane for å drøfte kontrollutvala si rolle i samband med den planlagde samanslåinga av dei to fylkeskommunane.

SAK 20/17 Kva rolle skal kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune ha i samband med samanslåing av dei to fylkeskommunane - Arbeidsmøte

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert ikkje lagt opp til å gjere vedtak i saka.

Handsaming i møtet:

1. Det vart diskutert kva rolle kontrollutvala vil få i prosessen ved den planlagde samanslåinga av dei to fylkeskommunane.
2. Milepælar for arbeidet vidare.
 - Val av revisor for fellesnemnda – handsaming i kontrollutvala mai 2017 – sikre at det er kontrollutvala som lager saksframlegg vedr. val av revisor. Roald presenterte saksframlegg for val av revisor til fellesnemnda. Dette må koordinerast med fylkesrådmennene.
 - Rett til innsyn – kontrollutvalet sin rett til å kontrollere fellesnemnda – bør undersøkast
 - Plan for FR – felles arbeid – samkøyring av planane
 - Plan for SK – felles arbeid – eigne planar
 - Konkurranselov om val av revisjonsordning – 2018 – sekretariata bør starte opp arbeidet hausten 2017
 - Møte nr. 2 om samanslåing –seinhausten 2017 – **Det vart avtalt møte mellom dei to kontrollutvala 21. november 2017.** Vertskap blir kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Forslag til tema for møtet:
 - Val av revisjonsordning - prosess
 - Planverket (Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll)
 - Val av sekretariatsordning
 - Statusorientering frå FRM i Sogn og Fjordane.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.
